



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

REGIONALT PLANFORUM

INFORMASJON OM FØREMÅL OG BRUK

Informasjonsutveksling på eit gunstig
tidspunkt i planprosessen



Regionalt planforum er heimla i plan- og bygningslova § 5-3, og skal vere møteplass mellom kommunane og fagorgan på regionalt nivå. Leiing og sekretariat er lagt til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved plan og samfunnsavdelinga (PSA).

Føremål

- legge til rette for gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommune, fylke og sektormynde.
- klargjere og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med regionale og kommunale planar
- fremje meir effektivt planarbeid
- førebygge konflikter

Planforum skal ikkje ta avgjerd eller mekle i plansaker.

Aktuelle saker

- regional og kommunal planstrategi
- planprogram for regionale planar, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
- regionale planar, kommuneplan eller kommunedelplan – arealdel og samfunnsdel
- større reguleringsplanar
- planfaglege og planjuridiske tema, spørsmål eller oppgåver

Når i planarbeidet

I alle fasar av planarbeidet, men særleg nyttig som arena for dialog i tidleg fase:

- tidleg felles forståing mellom kommune, fylkeskommune og stat av kvarandre sine roller, oppgåver og mål i planlegging og samfunnsutvikling
- i forkant av politisk handsaming, slik at informasjon frå fagetatane kan takast med i sakshandsaming til formell handsaming

I større og komplisert plansaker bør planen vert drøfta i planforum to gonger:

- ved oppstart / før høyring av planprogram
- før politisk handsaming for utlegging til offentleg ettersyn

Ansvar kommunane

Bestilling av møte helst ein måned før møtedato. **Bestilling under 14 dagar før fast oppsett møtedato vert avvist**

Kommunane skal **seinast 14 dagar** før møtet sende inn:

- problemstillingar, og kva de vil fagetatane særleg skal førebu seg på
- føreliggande materiell; planframlegg, illustrasjonar, sakshandsaming etc.

Ansvar fylkeskommunen

- sende ut innkalling til planforum seinast 14 dagar før kvart møte
- leggje problemstillingar og relevante dokument ut på www.plannett.no

- formidle informasjon mellom kommune og deltakarar i planforum
- skrivning av referat. Utkast vert sendt deltakarane for gjennomgang. Ferdig referat vert sendt deltakarane på e-post, og lagt ut på www.plannett.no.

Deltakarar

Kommunane avgjer sjølv kven som møter frå administrativt og politisk nivå. Kommunane kan også be om at spesielle fagorgan møter i den aktuelle plansaka.

Følgjande organ er fast oppsette deltakarar og møter når saka er relevant:

- [Statens vegvesen](#), region vest
- [NVE](#), region vest
- [Fiskeridirektoratet](#), region vest
- [Kystverket](#) Vest
- [Jordskifterettane](#) i Sogn og Fjordane
- [Fylkesmannen](#) i Sogn og Fjordane
- [Fylkeskommunen](#)

Andre fagetatar og organisasjonar kan vere relevante i einskilde saker. Døme er Avinor og Direktoratet for mineralforvaltning.

Tiltakshavar / konsulent kan på eige initiativ be om møte i planforum. Normalt vil det vere naturleg å samarbeide med aktuell kommune.

Møteform

- Møta vert gjennomførte via videokonferanse frå Fylkeshuset på Leikanger og Storehagen i Førde. Kommunane kan møte via eigne videokonferanserom.
- Synfaring kan vere nyttig i mange saker, og vi oppmodar kommunane til å melde inn behov for synfaring

Anna

- Ved behov for oppklarande møte mellom kommunen og einskilde fagetatar, bør dette skje direkte mellom aktørane.
- Enklare arealplanar og tema med klart avgrensa problemstillingar kan takast mellom kommune og aktuelle fagetatar utan å kople inn planforum.
- Utover terminlista kan det setjast opp ekstra møter etter behov.

Kontakt og informasjon

Torbjørn Hasund, PSA, tlf 57 65 62 73, e-post torbjorn.hasund@sfj.no.

Møteplan ligg på nettsida www.plannett.no



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto: Torbjørn Hasund